



Møtebok for Vestre Slidre fjellstyre

Sak nr 29/2010

Møtedato: 14.6.10

Møtestad: Slidretun

Arkiv nr: S840

S 840, Fauskehaugen – søknad om uthus

Egil Snortheimsmoen søker om å få føre opp nytt uthus på støl S 840 på Fauskehaugen.

I stølsregisteret er det registrert følgjande hus:

Hustype	SumAreal
Annet	24
Uthus/skåle	17
Fjøs	38
Seterbu	50

Snortheimsmoen fekk i 2002 løyve til å føre opp kårsel på 24 m² i nærleiken av skålen. I søknaden står det at den gamle skålen er rive.

Ny uthus er alt ført opp og måler 5 x 3,6 m (18 m²). Dette tilsvrar omrent skåle som er rive.

Det går ikkje fram av søknaden om stølen er i bruk eller ikkje. Administrasjon har bedt Snortheimsmoen om opplysningar om drifta, men har så langt ikkje fått tilbakemelding. Drifta på stølen er avgjerande for korleis søknaden skal behandlast. Snortheimsmoen har muntleg opplyst at stølen ikkje var i bruk ut frå eige drift sist sumar, men han vurderte å starte opp drift på nytt.

Søknaden er sendt Oppland fylkeskommune og Statskog til uttale.

Oppland fylkeskommune har den 10.3.10 gjeve uttale med følgjande konklusjon:

Fylkeskonservatoren tykkjer det er svært uheldig at uthuset er sett opp utan løyve. Vi ber om at panelet vert skifta da ukanta panel ikkje hører heime på stølar i området. Fjellstyret bør og vurdere å krevje at takutstikk blir meir i samsvar med utfominga på selet.

Vi kan velja å behandle søknaden som den ikkje er i bruk og skal då behandlast etter §11 i stølsforskrifta:
På seter som ikkje er i bruk, men som ikkje er fallen i det fri, kan seterbrukaren halde husa vedlike på ordinært vis. § 10 andre ledd i denne forskriften gjeld tilsvarande. Skal seterbrukaren ta opp att seterdrifta, gjeld føresegnene i § 10 i denne forskriften.

Departementet sine merknader til § 11

Etter fjellova fell ikkje retten til seter bort før den i 20 samanhengande år har vore ute av bruk som seter. Hendelege avbrot i setringa skal ikkje føre til at retten går tapt. Likevel må seterbrukaren ha ein rett til å vedlikehalde husa, så lenge setra ikkje er fallen i det fri. Om det blir behov for å setje opp, utvide eller endre hus med sikt på å ta opp att seterdrifta, gjeld føresegnene i § 10 i forskriften. Det som er sagt under § 10 gjeld tilsvarande, at fjellstyret skal innhente fråsegn frå regional kulturminnestyremakt.

Søknader etter første ledd skal sendast til fjellstyret, som handsamar dei og sender dei vidare til Statskog SF, som gjer søkjaren kjent med avgjerda. Vedtak fjellstyret gjer kan pålagast til Statens landbruksforvaltning, jf. § 26 og § 30 i forskriften.

Det er ulike tolkingar mellom Statskog og fjellstyra om §11 gir rett til meir enn vanleg vedlikehald . Dette spørsmålet må LMD avklare så snart som råd.

Statskog skriv i e-post datert 11.6.10: *Statskog mener imidlertid at ny § 11 ikke gir anledning til annet enn vedlikehold av bebyggelse så sant det ikke foreligger planer om gjenoppnakelse av drifta. I samtale den 14.6.10 opplyste Statskog at søknaden kunne aksepterast fordi dette var erstatning for skålen som er rive.*

Vedtak:

Fjellstyret finn at det er behov for skålen og godkjenner søknaden etter § 11 i stølsforskriftene og fjellstyret rår til at merknadene frå Oppland fylkeskommune blir fulgt. Søknaden blir oversendt Statskog for vidare behandling jf. LMD sine merknader til §11.

Fjellstyret finn det uehdig at det blir sett opp bygg utan å ha innhenta byggeløyve og vil minne om at for ev. seinare byggesaker må godkjenning vera ordna før byggetiltak blir sett i verk.

Etter § 10 i fjellova tek fjellstyrevedtaket til å gjelde 4 veker etter at det er gjeve melding om vedtaket. Byggeløyvet er ikkje gyldig før kommunen har godkjent søknaden.

I følgje §28 i forvaltningsloven kan vedtaket klagast over. Eventuell klage skal sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 15.6.10

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Egil Snortheimsmoen
Statskog
Oppland fylkeskommune
Vestre Slidre kommune